Fyresdal

KOMMUNEINFORMASJON

Oktober 2026

Frist for bidrag til november-utgåva er 23. oktober.
Bidraget sendast til postmottak@fyresdal.kommune.no.

Fyresdal kommune – sentralbord: 35 06 71 00
Fyresdal barnehage: 35 06 71 80
Gimle skule: 35 06 71 76
Fyresdal bibliotek: 35 06 71 21
Fyresdal helsehus: 35 06 73 00
Fyresdal pleie- og omsorgssenter: 35 06 71 67
E-post: postmottak@fyresdal.kommune.no
Nettside: www.fyresdal.kommune.no

Innhald

I oktober skjer mellom anna dette 5
Fyresdal legekontor 6
TV-aksjonen 2026 8
Kaukus – streaming av kommunestyremøte 9
Månadleg faktura på kommunale avgifter 9
Møteplass/kontaktpunkt 9
Eigenberedskap for innbyggarar 10
Eigenberedskap for verksemder 10
Kor godt sikra er verksemda di? 10
Ny støtteordning for bedriftsrådgiving og utviklingstiltak 11
Viktig informasjon om digital post frå oss 13
Sikkerheit ved store arrangement 13
Informasjon frå kultur og oppvekst 14
Eldredagen: Vera Lynn i Kulturhuset 14
Fyresdal folkebibliotek 15
Søke om spelemidlar? 19
Leige kulturhuset, idrettshallen eller symjehallen? 19
No kan frivillige organisasjonar søke momskompensasjon 19
Juniorklubb og ungdomsklubb 20
Skulerute 2026/2027 21
Kulturskulen-prøvetimar 22
Kultuskule ny informasjon 23
Utleige av mobil scene 24
Kontingentkassa 25
Informasjon frå helse og omsorg 27
Psykisk helse og rus 27
Måndagskafé på frivilligsentralen 27
Besøk til POS 27
Fredag 23. oktober kl. 11.00 konsert med Johan og Gunilla på POS 27
Fredagskafé på POS 27
Vaskeriet på POS tek på seg vask for private 28
Nytt telefonnummer til kjøkkenet på POS 28
Dagaktivitetstilbod på POS 28

Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga 28
RPH – Rask Psykisk Helsehjelp 29
Fyresdal frivilligsentral 32
Flexiruter 33
Informasjon frå Folkestadbyen 36
Fyresdal Manufaktur og Leiker 36
Wenches terapi 36
Maria Frisør 36
Groven Fitness 36
Sporten Fyresdal 36
Kafé Hvelvet 36
Fyresdal Dyreklinikk 36
Merleyn 37
Oleas Hus 37
Sparebanken Norge 37
Diverse info frå lag, organisasjonar, næring og private 38
Fyresdal Turlag - turar i oktober 38
Sliping av knivar – Dag Birger Lie 39
Totak AS – turbuss 39
Fjellgardsmat – Elin Skålid 39
Vevkjerringane på Gardar 39
Tømrer Pål Kjetil Kiland 39
Ved – Gunnar K. Veum 39
Sjå deg attyvi 2025 40
Fyresdal Musikkorps 40
Jan Erik Klausen 41
Aasbak Service og Utleie 41
Bullseye Dartklubb 41
Allidrett for barn/barneidrettskulen 2026/2027 42
Omsorgsbustad til salgs - Århusjordet burettslag 43
Ridekurs for barn og ungdom – Hugljufur 43
Årsmøte i Fyresdal Bygdekvinnelag 44
Adventsmøte i Fyresdal Bygdekvinnelag 44
Loppemarknad i Kilegrend 45

Nedrebø Maskintjenester 45
UFS Service og Vedlikehold 45
Bondal Motor 46
Lokalmatbua 46
Tømrar Lars Ola Solberg 46
Grindberg Trevarefabrikk 46
Hyttevaktservice 46
Hesteeventyr 47
Metallskrammel og skrot – Dag Helge Stråndd 47
Smylefår 47
Vask og vedlikehold K. Rohleder 47
Bjørkeved 47
Ny bruktbu på Molandsmoen 48
Krossli Singel og Sand 48
Årsmøte i Fyresdal skyttarlag 48
Telemark Camping & Motell og Via Ferrata 49
Førsdal Bygdekor 49
Moland Vel 50
Songmøte på Betel – Fyresdal pinsemenighet 50
Aketun Fisk 51
Tømrar Erik Midtbø 51
Lift-utleige – Dag Helge Stråndd 51
Flishogger leies ut – Gjermund Bergsland 51
Våmur Bygg 51
Service på Jonsered motorsager 51
Dyrud Elektro 51
Avtraumatisering – Stein Lund Halvorsen 52
Mitek 52
Momrak Verkstad 52
Utleige av grendehus 52
Joker Fyresdal 53
Best Fyresdal 54
Kyrkja i Fyresdal 55

I oktober skjer mellom anna dette

01. Styrketrening i Idrettshallen

02. Fredagskafé på POS

03. Loppemarknad i Kilegrend

04. Styrketrening i Idrettshallen

05. Måndagskafé på Frivilligsentralen

05. Sykvel på Frivilligsentralen

05. Lesesirkel på biblioteket

06. Tur til Skøri i regi av turlaget

06. Juniorklubb på kulturhuset

06. Språkkafé på biblioteket

06. Strikkekafé på Frivilligsentralen

07. Juniorklubb på kulturhuset

07. Onsdagstur med Fyresdal Turlag

07. Verdernsdag for psykisk helse– meir info side 31

08. Styrketrening i Idrettshallen

08. Eldredagen: Vera Lynn i Kulturhuset

10. Ridekurs for barn og ungdom – Hugljufur – meir info side 43

11. Ridekurs for barn og ungdom – Hugljufur – meir info side 43

11. Styrketrening i Idrettshallen

11. Gudsteneste i Moland kyrkje

12. Måndagskafé på Frivilligsentralen

12. Sykvel på Frivilligsentralen

13. Juniorklubb på kulturhuset

13. Språkkafé på biblioteket

13. Tur opp Libakkane/Sitjebakkane i regi av turlaget

13. Øving i Fyresdal barnegospel

13. Salmemesse i Veum kyrkje

13 Andakt på POS

14. Juniorklubb på kulturhuset

14. Onsdagstur med Fyresdal Turlag

15. Styrketrening i Idrettshallen

16. Fredagskafé på POS

18. Årets TV-aksjon

18. Styrketrening i Idrettshallen

19. Måndagskafé på Frivilligsentralen

19. Sykvel på Frivilligsentralen

19. Babysong påbibliotek

20. Tur frå Lia til Skrede i regi av turlaget

20. Juniorklubb på kulturhuset

20. Språkkafé på biblioteket

20. Strikkekafé på Frivilligsentralen

21. Juniorklubb på kulturhuset

21. Onsdagstur med Fyresdal Turlag

22. Styrketrening i Idrettshallen

22. Songmøte på Betel kl. 18.00 – Fyresdal pinsemenighet barneidrettskulen

23. Fredag 23. oktober kl. 11.00 konsert med Johan og Gunilla på POS

24. Småbarnstreff på biblioteket

25. Styrketrening i Idrettshallen

25 Familiemesse på Betel

26. Måndagskafé på Frivilligsentralen

26. Barseltreff på biblioteket

26. Sykvel på Frivilligsentralen

27. Juniorklubb på kulturhuset

27. Språkkafé på biblioteket

27 Andakt på POS

27. Tur til Momraksgrend i regi av turlaget

28. Juniorklubb på kulturhuset

28. Onsdagstur med Fyresdal Turlag

29 Styrketrening i Idrettshallen

29. Årsmøte i Fyresdal Bygdekvinnelag

30. Fredagskafé på POS

30. Vil du danse? Fellestur til Straandfestivalen – meir info side 32

31. Verdiseminar 2026, «Ver budd – alltid budd?» – meir info side 56

31. Helloween frå 8. klasse – meir info side 21

31. Helloween for 5. – 7. klasse på bibliotek – meir info side 15

Fyresdal legekontor

Ny opningstid – same telefontid

Legekontoret held nå ope måndag-fredag kl. 08.00-15.15.
Telefontid er kl. 08.30-15.00.

Du når oss på 35 06 73 00.

Legevakt

Alle som har behov for legehjelp på legevakt MÅ ringe det nasjonale legevaktsnummeret 116 117. Legevakta tar imot samtala og vurderer behov for legehjelp og hastegrad. Ved behov blir legen som har vakt i Fyresdal kontakta og møter innringaren til konsultasjon. Legevaktskontoret er på POS, men det er IKKJE høve til å møte direkte opp der.
Alle førespurnader skal gå via 116 117.

Akutt medisinsk nødtelefon

Ved behov for øyeblikkelig hjelp, ring 113.

Telefonkontakt med lege

Ved ynskje om telefonkontakt, treng legen opplysningar om årsaka til førespurnaden. Dette for å gjere ei best mogleg vurdering i høve til hastegrad på tilbakemeldinga. Legen ringer tilbake ved fyrste moglege høve, men ikkje nødvendigvis same dag. Telefonkontakt blir belasta som konsultasjon.

Prøvetaking og svartid

Ulike prøver, som t.d. CRP og urinprøve, må avtalast med lege i forkant.
Svartid frå lege på e-resept og e-melding er inntil 5 arbeidsdagar.

Diverse anna kontaktinformasjon

Pasientreiser: 05515. Rustelefonen: 08588. Mental Helses hjelpetelefon: 116 123.
Kirkens SOS: 22 40 00 40. Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111.

Behov for petroleumsattest (offshore helseattest)?

Bestill time via telefon 35 06 73 00.

Du treng ikkje å ha fastlege i Fyresdal for å kunne nytte deg av tenesta (dette vil bli revurdert ved ev. stor pågang).

Hugs gyldig legitimasjon og ev. briller/kontaktlinser.

Apotek 1 Seljord

Telefonnummer: 35 05 80 90.
Opningstider: Måndag-fredag kl. 09.00–18.00 og laurdag kl. 09.00–15.00.

TV-aksjonen 2026

Årets TV-aksjon er 18. oktober og går til NRC Flyktninghjelpen. Med din hjelp kan vi gi over 400 000 mennesker på flukt i Syria, Gaza, Afghanistan, Tsjad, Sudan og DR Kongo et trygt hjem og håp for fremtiden.

Nærmere 120 millioner mennesker er på flukt fra krig og konflikt. Aldri før har så mange trengt hjelp til å skaffe seg et hjem. Men det finnes håp, og det finnes løsninger. TV-aksjonen 2026 skal effektivt bidra til at mennesker på flukt får tryggere og bedre boforhold i Syria, Gaza, Afghanistan, Tsjad, Sudan og DR Kongo.

Vil du bidra på TV-aksjonen?

Vi ynskjer deg som bøsseberar søndag 18. oktober!

Som tidlegare år har vi fleire ruter, så du kan velje kor du vil gå.

Ring Fyresdal kommune på 35 06 71 00 for å melde deg til innsats!

Les meir på https://tvaksjonen.no/.

GI ET TRYGT STED Å SOVE.

Kaukus – streaming av kommunestyremøte

Fylg Fyresdal kommune sine kommunestyremøte her: app.kaukus.no/fyresdal.

Månadleg faktura på kommunale avgifter

Dersom du ynskjer månadleg faktura på kommunale avgifter, send ein e-post til mari.juva@fyresdal.kommune.no.

Vi oppmodar flest mogleg til å opprette e-faktura/avtalegiro.

Møteplass/kontaktpunkt

Ved lengre utfall av straum og/eller telefon- og mobildekning kan det bli vanskeleg å kontakte nødetatane. For å sikre at du framleis får hjelp i ein nødssituasjon, vil Fyresdal kommune i slike høve etablere ein møteplass på Fyresdal pleie- og omsorgssenter. Møteplassen vil vere bemanna av lokalt brannvesen. Her kan du som innbyggar møte opp dersom du har akutt behov for å kome i kontakt med politi, brannvesen eller AMK, og ikkje har moglegheit til å ringe 110, 112 eller 113 sjølv. NB. Møteplassen er berre for nødhjelp.

Du kan også forsøke å oppnå kontakt med lokal nødetat via sikringsradio - kanal SIKR 7. NB. Dette er ein open kanal som alle kan høyre på, og skal berre brukast i nødstilfelle.

Førebu deg!

Her får du råd og tips til korleis du enkelt kan førebygge uhell heime hos deg sjølv og tips til korleis du kan bli betre rusta til å takle litt større kriser og hendingar:

https://www.dsb.no/sikkerhverdag/

Klarar du deg i 3 dagar utan nett? Her får du tips til ekom-prepping:

https://nkom.no/aktuelt/klarer-du-deg-en-uke-uten-internett-og-mobil

Eigenberedskap for innbyggarar

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB) anbefalar at flest mogleg av innbyggarane i Noreg er førebudde på å klare seg sjølve i ei veke. Det inneber mellom anna å ha eit beredskapslager med mat og drikke for 7 dagar. Dette fordi kommunar og nødetatar må prioritere dei som ikkje klarar seg utan hjelp i ei krise.

Mat, vatn og straum: Kva viss du ikkje får handla på ei veke? Kva skjer dersom det ikkje kjem vatn frå krana eller du ikkje får skylt ned i toalettet? Korleis vil du og dine næraste klare dykk viss straumen blir borte ein lengre periode? Eigenberedskap handlar om å vere førebudd.

Styrk eigenberedskapen din! Sjekk ut dsb.no/egenberedskap for meir info!

Eigenberedskap for verksemder

Råd om eigenberedskap for verksemder

Ein avgjerande del av totalforsvaret er å ha eit robust samfunn, særleg i møte med sikkerheitspolitisk krise og krig. Verksemder i både offentleg og privat sektor har ei sentral rolle for å halde hjula i samfunnet i gang. Det er avgjerande at alle er førebudd på ulike hendingar og kriser - også krig.

Her fylgjer åtte råd til korleis verksemder kan styrke eigenberedskapen sin:

1. Ha oppdaterte beredskapsplanar
2. Identifiser og prioriter kritiske aktivitetar
3. Vurder konsekvensar av redusert drift eller stans
4. Sikre bemanningsberedskap og fleksibilitet i personell
5. Kartlegg avhengigheiter, ressursar og reserveløysingar
6. Styrk digital sikkerheit
7. Planlegg for gjenoppretting av normal drift
8. Auk kompetansen og øv

Sjekk ut nettsida til DSB for meir konkret info om dei ulike råda:

dsb.no/ros-og-beredskap/beredskap-og-krisehandtering/rad-om-egenberedskap-for-virksomheter/

Kor godt sikra er verksemda di?

Sjekk ut nettsida cybersjekk.no og ta ein sjekk! Verktøyet gir eit raskt overblikk over eigen digitale sikkerheit og delar prioriterte tiltak tilpassa verksemda som vil betre sikkerheitsnivået ytterlegare.

Cybersjekk er utarbeidd av Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM).

Ny støtteordning for bedriftsrådgiving og utviklingstiltak

Vedteken av Formannskapet 28.01.2026 – sak PS 6/2026.

Formål

Fyresdal kommune har etablert ei støtteordning for å styrke lokalt næringsliv gjennom:

- bedriftsrådgiving
- omstilling og forretningsutvikling
- berekraftige utviklingstiltak
- miljøsertifisering

Ordninga skal vere eit lågterskeltilbod og bidra til at fleire verksemder tek i bruk profesjonell rådgiving og utviklingstenester.

Det er sett av ***inntil kr 200 000,- frå næringsfondet*** til ordninga.

Kven kan søke?

For å få støtte må verksemda:

- vere lokalisert i Fyresdal kommune
- vere definert som målbedrift hos Telemark Næringshage

Les meir om målbedriftsprogrammet og bedriftsrådgiving på nettsida til Telemark Næringshage: telemarknh.no/bedriftsrdgiver

Det kan ikkje ha gått meir enn 6 månader sidan tiltaket vart gjennomført.

Kva kan det søkast støtte til?

Det kan til dømes vere:

- Miljøfyrtårn-sertifisering eller resertifisering
- strategisk bedriftsrådgiving
- berekrafts- og omstillingsprosessar
- innovasjon, digitalisering eller anna relevant utviklingsarbeid

Støtta blir gitt som tilskot. Det er ikkje rettskrav på støtte eller vidare finansiering.

Kor mykje kan ein få?

Kommunal støtte kan berre dekke den delen av kostnadene som ikkje kan finansierast gjennom andre offentlege eller private ordningar.

Maksimal støtte per verksemd er 25 % av totale kostnader eks. mva, og blir gitt innanfor tilgjengeleg ramme.

Søknad og dokumentasjon

Søknad om støtte skal sendast etter at tiltaket er gjennomført.

Søknad skal sendast ved å fylle ut fastsett søknadsskjema for ordninga.
Skjemaet spesifiserer krav til opplysningar og dokumentasjon.

Fullstendig utfylt skjema med nødvendige vedlegg må leggast ved.

Utfylt søknadsskjema og alle vedlegg skal sendast samla i ein e-post til postmottak@fyresdal.kommune.no. Du finn søknadsskjema på nettsida vår, under Skjema A-Å.

Søknaden fungerer samstundes som sluttrapport.

Kommunen kan be om ytterlegare dokumentasjon ved behov.

Tildeling

Tildeling skjer etter ei skjønnsmessig vurdering innanfor vedteken økonomisk ramme.

Ordninga er ei supplering til andre relevante støtte- og finansieringsordningar. Verksemda har sjølv ansvar for å undersøke og nytte aktuelle eksterne verkemiddel.

Dersom tiltaket openbert kunne vore finansiert heilt eller delvis gjennom andre ordningar, utan at dette er undersøkt eller søkt på, kan kommunen legge til grunn ein berekna støttegrad ved fastsetting av tilskot.

Forvaltning og evaluering

Ordninga blir forvalta administrativt innanfor vedtekne rammer.

Administrative vedtak blir lagt fram som orienteringssak til Formannskapet ein gong i halvåret.

Ordninga skal evaluerast innan to år, og eventuelle endringar blir lagt fram for politisk behandling.

Klageadgang

Det er høve til å klage på saksbehandlinga, men ikkje på avgjerda om tildeling eller avslag på støtte.

Avgjerda er ikkje å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, då støtte etter ordninga ikkje er ein lovpålagt rett. Det er difor ikkje klagerett på sjølve vurderinga av støttebeløp eller avslag.

Saksbehandlinga skal likevel følgje reglane om forsvarleg behandling. Dersom du meiner det ligg føre feil i saksbehandlinga, kan du klage.

Klage må sendast skriftleg til Fyresdal kommune innan 3 veker frå du mottok vedtaket.

Rettleiing

Er du usikker på om tiltaket kan få støtte gjennom ordninga, kan du ta kontakt med Fyresdal kommune ved Gerd Straume på gerd.straume@fyresdal.kommune.no.

Viktig informasjon om digital post frå oss

All post frå Fyresdal kommune blir sendt ut digitalt. Hugs derfor å sjekke Digipost og Altinn jamleg! Vi anbefalar at du slår på varslingar, slik at du får beskjed på SMS og/eller e-post når du får ny post frå oss. Hugs at brevet kan innehalde fristar, eller det kan vere ei møteinnkalling, så det er viktig å opne all elektronisk post.

Merk:

- Brev i ***Digipost*** som ikkje blir opna, blir verande uopna. Breva blir ikkje sendte vidare til print/fysisk brev.
- Brev i ***Altinn*** som ikkje blir opna, blir etter nokre dagar sendt til print/fysisk brev (gjeld privatpersoner som ikkje har Digipost). Uopna brev i Altinn til organisasjonar/bedrifter blir ikkje sendte til print/fysisk brev.

Oppdater kontaktinformasjonen din på ein stad

Innbyggarane sine mobilnummer og e-postadresser blir samla i Kontakt- og reservasjonsregisteret. Kontakt- og reservasjonsregisteret inneheld også opplysningar om kva digital postkasse du har valt, språkval, og om du er reservert mot elektronisk kommunikasjon. Hugs å oppdatere kontaktinformasjonen din!

Hugs å oppdatere kontaktperson i Brønnøysundregisteret

Det er viktig å endre kontaktperson i Brønnøysundregistret fordi denne rolla har formelle og praktiske funksjonar knytt til korleis ei verksemd kommuniserer med offentlege myndigheiter. Offentlege etatar brukar kontaktpersonen som primært bindeledd for å sende ut informasjon. Dersom kontaktinformasjonen er utdatert, kan verksemda gå glipp av viktige fristar eller varslar.

Sikkerheit ved store arrangement

Å ha ansvaret for eit arrangement er ei stor og omfattande oppgåve. Det er viktig at dei ansvarlege for arrangementet startar arbeidet med sikkerheit og beredskap tidleg, og overheld dei lover som gjeld for det enkelte arrangement.

Ansvaret for sikkerheit ved eit arrangement kviler fullt og heilt på arrangørane, men kommunen ynskjer å informere og hjelpe arrangørane i arbeidet med å lage gode og trygge arrangement.

Alle arrangement skal t.d. meldast til politiet og til brannvesenet.

Arrangørar av store arrangement bør sette seg inn i DSB sin rettleiar for sikkerheit ved store arrangement.

Vi har laga ei eiga side på nettsida vår som tar for seg informasjon knytt til sikkerheit ved store arrangement. Her finn du også DSB sin rettleiar.

fyresdal.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/sikkerheit-ved-store-arrangement

Informasjon frå kultur og oppvekst

Eldredagen: Vera Lynn – «We'll Meet Again»

8. oktober kl. 15.00 i Kulturhuset

Fyresdal pensjonistlag inviterer til eldredag med konsert med Hilde Nordland Gundersen og Espen Gjelstad Gunderson. Temaet for konserten er den britiske songaren Vera Lynn og hennar kjende song «We'll Meet Again».

Etter konserten blir det kaffi og kaker i veslesalen, arrangert av Fyresdal pensjonistlag.

Arrangementet er gratis for alle eldre i Fyresdal.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Fyresdal kommune og Fyresdal pensjonistlag.

Fyresdal folkebibliotek

Dette skjer i oktober:

Babysong: måndag 19. oktober kl. 11.30
Barseltreff: måndag 26. oktober kl. 11
Småbarnstreff: laurdag 24. oktober kl. 10
Lesesirkel: måndag 5. oktober kl. 18
Språkkafé: Kvar tysdag framover kl. 18-20
Datakafé: *Skal startast opp i oktober, meir informasjon kjem!*

Halloween-kveld for 5. – 7. klasse: Laurdag 31. oktober kl. 16-19

Babysong m/Berthe: Vi starta opp med babysong no i haust, til stor glede for mange våkne og ein del sovande babyar. Frå 0 til 1 år.

Barseltreff: Til alle barn frå fødselen til dei fyller eit år eller der omtrent. Her er det mjuke tepper i sofakroken, samtalar, pludringar og søvn, stoffbøker og ranglar, te og kaffi og saft.

Småbarnstreff: Eit tilbod til dei som er ferdige i barselgruppa, frå 1 til 4 år, saman med ein trygg vaksen. I motsetning til barselgruppa kan det vere like mange fedre som mødre her. Det finst mykje ein kan utforske: leiker, bøker, små matbitar og ikkje minst andre barn! Kaffi og te til dei vaksne har vi også.

Lesesirkel: 'Bokfinkane' møtast som oftast fyrste måndagen i månaden, kl. 18. I sofakroken pratar dei om bøker dei har lest og om bøker dei har lyst til å lese. Det er alltid eit par ekstra eksemplar i reserveringshylla til 'skuggelesarane'.

Språkkafé: Enten du har lært norsk som barn, lærer det som vaksen, snakkar godt eller ikkje så mykje enno, kom og bli med! Det kan bli kaffi og vaflar eller kake. Vi pratar om eit tema og om det vi har lyst til å prate om.

Datakafé: I samarbeid med pensjonistlaget ynskjer vi å sette i gang datakafé i løpet av oktober. Her kan du kome innom for ein kaffi og ein prat, og så er det mogleg å få drop-in hjelp med digitale dingser!

Kom innom for å sjå på dagens **avis**, vekeblad og tidsskrifter. Har du **bokynskje** som ikkje finst i samlinga, kan vi i regelen skaffe disse frå andre bibliotek. Fjernlånet er oppe og går. På **nettsida** til Vest-Telemark biblioteka kan du også logge deg inn for å finne eller fornye bøker. Og så kan fylgje med på "Fyresdal bibliotek" på **Facebook**. Dessutan har vi **meirope** bibliotek – utlånsautomaten Frida står ved inngangsdøra og hjelper til med utlån og innlevering 😊

Eit utval av bøker vi har fått inn den siste tida:

Skjønnlitteratur vaksne

Arski, G H	Mord i bokhandelen
Arski, G H	Mord på biblioteket
Arski, G H	Mord på skrivekurset
Bramley, C	Et sted bare vi vet om
Cook, L	Den gylne drømmen
Engman, P	Krigen
Enriquez, M	Et solfylt sted for dystre folk
Forberg, K B	Det andre barnet
Fortune, C	En gyllen sommer
French, T	Innflytteren
Grimaldi, V	Høyere enn himmelen
Haig, M	Midnattsbiblioteket
Hammer, E	Avsløringer
Jansson, A	Fryktens labyrint
Kawaguchi, T	Before we forget kindness
Kawaguchi, T	Before I knew I loved you
Keegan, C	Over blå enger
Laestadius, A H	Skam
McLean, J	I skyggen av vinrankene
Nordgarden, B	Lockwoodgrensen
Olin, M	Uten språk for kjærleik
O'Shea, D	Den irske hemmeligheten
Rohde, H K	De elskede
Shipman, V	Firkløveret
Sparks, N	Bli hos meg – en overnaturlig kjærlighetshistorie
Strout, E	Det vi aldri sier

Faglitteratur vaksne

Aune, M	Prematur: fra nyfødt til voksen
Hallett, R	Travelling with ADHD
Helgerud, M	Fotball forklarer livet: menn som griner, nasjoner som skjelver og håp som aldri slukner
Helle, M	Midt i blinken! Norske uttrykk forklart på en enkel måte
Johnsen, E	Kystlandskap i sommerlys – Kunsten finner sted
Kinge, E	Utfordrende atferd i skolen
Kristjánsson, M	Sosialistenes guide til Bibelen
Lange, A M D L	Kvinnehjernen – en hjerneforskers blikk på kvinners livsfaser
Linde, B	Min egen kjøkkenhage: Dyrke, høste, spise
Moe, T G	Hva nå, lille Norge?
Moen, E	Statsstyre på oljeglatt føre: Trusler mot tillitssamfunnet

Myskja, A De tibetanske ritene – 15 minutter som forandrer livet ditt
Rian, Ø Norden – små land med store muligheter: Historisk fiendskap har blitt til vennskap – nå er det blitt en framtid i skjebnefellesskap
Seikkula, J Åpen dialog i relasjonell praksis: Respekt for annerledeshet i øyeblikket
Trulsvik, C Fødesviket: Når jordmorfaget taper, svikter vi kvinnene: om jordmødrenes faglige autonomi og kvinners rettigheter
Vasstrand, J M Enda sterkere på et år
Ny boligplan: tidsskrift for boligpolitikk nr. 3

Skjønnlitteratur barn og unge

Brooks, S God natt alle dyr
Carter, A Animox: Ulvehiet
Deutsch, B Ungdragenes profeti
Dougherty, J Det er ikke for alltid
Falch, M Nordlys: Reisen til Røros
Frantz, E Mysteriet på Hallonbaken
Hemming, A Nøtte og årstidene
Johnsson, A C Studentkokken: raskt, enkelt, billig
Lindgren, A Den store boka om Karlson på taket
Mazzuca, M Sifidol Italian brainrot: den ultimate guiden
Moen, G Herman og Hedda og enhjørningene
Moffat, N The hound of the Baskervilles
Mæhle, L Dinosaurgjengen: Spinosaurusen
Nelissen, T Zoias kjerne: Skyverdenen
Oseman, A Hjertestopper 4
Palmer, R Bjørnehjertet
Pélissier, J Saga og tåkedragen
Reid, C Tramp og Line: Bursdagen
Sandholt, J Ørn
Sotberg, V Edelmot: Bedrager
Teba, A Den lille heksa Plingeling og skogsmysteriet
West, T Drageskolen: Tidsdragens framtid
Bluey: Gjemsel

Faglitteratur barn og unge

Aspen, M G Bjørnis: Håndbok for små brannkonstabler
Gifford, C Mbappé: The goal machine
Hansson, A På jobb: Hovslagaren
Hopkinson, D Dolly Parton
Jamtli, J S Sabotør felthåndbok
Lavette, L Beoncé
Ludlow, R A little golden book: Lionel Messi
Markhus, T I Skogen: Ei vrimlebok om bier, biller og andre småkryp
Ngan, L The best action games for Roblox fans
Osland, E Barnas verdshistorie
Sondermann, C Lek med meg! Aktivitetshåndbok for hund og menneske
Tudhope, S First football book
Yisnan, L Kawaii animals: in easy steps
Yoon, J K-Pop demonjegerne: offisiell junior filmroman
Yong, O Kawaii kitties: learn how to draw 75 cats in all their glory
Nicolay sier stopp
Visste du at… ? Bil

Meirope bibliotek:

Lånarar som går i 10. klasse eller har fylt 16 år kan inngå ei skriftleg avtale for å kunne bruke biblioteket utanom betjent opningstid. Lånarar under 18 år treng samtykke av føresette. Lånarane kan då låse seg inn med eit nasjonalt lånekort. Pin-koden kan ein få og endre på biblioteket. Ved tapt kort kan vi registrere eit nytt lånekort. Med utlånsautomaten Frida kan du låne og levere bøker. Kortet er **personleg** for den som har inngått avtale, men føresette kan ha med seg eigne barn under 16 år. Dei må då vere saman med barna på biblioteket.

Opningstider:

	Måndag	**Tysdag**	**Onsdag**	**Torsdag**	**Fredag**	**Laurdag**	**Søndag**
Meirope	Stengt	08.00-22.00	08.00-22.00	08.00-22.00	08.00-22.00	12.00-22.00	08.00-22.00
Betjent	Stengt	10.00-15.30	14.00-20.00	12.00-15.30	10.00-15.30		

E-post kari-kristina.eidam@fyresdal.kommune.no
biblioteket@fyresdal.kommune.no

Telefon: 35 06 71 21

Nettside: https://vest-telemarkbiblioteka.arena.axiell.com/

Du kan også levere bøker i den svarte kassa utanfor inngangen.

Søke om spelemidlar?

Dersom dykkar lag har planar om å søkje spelemidlar, må de gje melding til kulturkontoret snarast. Det er idrettsrådet som prioriterer tiltaka, før saka vert sendt til handsaming i kommunestyret i haust.
Det er mykje pengar å hente i spelemiddelordninga, men det krev at ein er ute i god tid med planlegging. Tak gjerne kontakt dersom det er noko du lurar på! **Frist for innspel er 15.09.2026.**

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet:
Alle anlegg ein skal søke spelemidlar til, må vere omtala i kommunedelplan "Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv", samt i handlingsplan..

Visar elles til spelemiddelprosedyra sjå lenke Spelemiddelprosedyra. Du finn den og på heimesida under kommunale tilskot kultur og idrett.

Kulturkontoret

Leige kulturhuset, idrettshallen eller symjehallen?

Kontaktperson for leige av kulturhuset, idrettshallen og symjehallen:

- Klubbleiar Svein Slyngstad
- Mobil 99 22 57 09
- E-post svein.slyngstad@fyresdal.kommune.no

Dersom Svein er utilgjengeleg (t.d. ved ferie), ta kontakt med sentralbordet på 35 06 71 00.

No kan frivillige organisasjonar søke momskompensasjon

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele over 3 milliardar kroner i momskompensasjon til frivillige organisasjonar i 2026. Formålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet. Dette blir gjort ved å godtgjere for kostnadar som frivillige organisasjonar har hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

Organisasjonen må vere registrert i Frivilligregisteret, og frivillig innsats må vere ein viktig del av verksemda for å søke. Søknadsfristen er 1. oktober 2026.

Det kan søkast etter to modellar. Minstegrensa for å søke etter forenkla modell er 100 000 kroner i søknadsgrunnlag, og etter dokumentert modell er det 7 000 kroner i faktiske meirverdiavgiftskostnader. Grensene gjeld ikkje for organisasjonar som skal søke gjennom sentralledd.

Merk: Organisasjonar som er knytt til eit sentralledd (for eksempel Norges idrettsforbund, Norske Kvinners Sanitetsforening eller liknande skal sende søknaden via dei. Sentralledda har eigne søknadsfristar som er tidlegare enn Lotteri- og stiftelsestilsynet sin frist. For søknadsrunden 2026 er det nytt regelverk. De kan lese meir om ordninga på Lotteri- og stiftelsestilsynet sin nettstad.

Juniorklubb og ungdomsklubb

Juniorklubben

Juniorklubben fylgjer skuleåret.

Juniorklubben er open:

- tysdagar kl. 13.55–16.30
- onsdagar kl. 13.55–20.00

Stengt i haustferien

Ungdomsklubben

Ungdomsklubben fylgjer skuleåret.

Ungdomsklubben er open på fredagar:

- kl. 17.00–22.00 i partalsveker
- kl. 15.00–22.00 i oddetalsveker
- laurdag 03. oktober -ekstra klubb

Opent i høstferien

Dei som ikkje vil ha besøk denne kvelden, heng en lapp med "NEI" på ytterdøra 😳

Skulerute 2026/2027

Månad	Datoar	Skuledagar
August	Skulestart måndag 17. august	11
September		22
Oktober	Haustferie 5.-9. oktober (veke 41)	17
November		21
Desember	Siste skuledag før jol fredag 18. desember	14
Januar	Fyrste skuledag etter nyttår tysdag 5. januar	19
Februar	Vinterferie 22.-26. februar (veke 8)	15
Mars	Påskeferie 22.-29. mars (veke 12)	17
April		22
Mai	Fridagar: • Torsdag 6. mai (Kristi himmelfartsdag) • Fredag 7. mai • Måndag 17. mai (2. pinsedag)	18
Juni	Siste skuledag fredag 18. juni	14
Sum		**190**

HAR DU LYST TIL Å PRØVE DEG I KULTURSKULEN?

Vi har framleis nokre ledige plassar på fleire tilbod.

Frå oppstart 24.08.2026 og eit antal veker framover kan du få 2 gratis prøvetimar der vi har ledige timar. Då kan du teste ut om kulturskulen er noko for deg!

Du må avtale prøvetimen på førehand. Du kan avtale direkte med lærar, sende SMS eller ringe:)

Piano eller vokal	Måndagar
Lærar Svetlana	På Rom 3 på Gimle skule
Tlf. 910 02 414	
Gitar, hardingfele, bass, ukulele	Onsdagar, Torsdagar
Lærar Marit	På Musikkromet på Gimle skule
Tlf. 957 29 349	
Kunst- og Handverk :	
To grupper: 4-5. klasse og 6-10. klasse	
Lærar Marit	Tysdagar
Tlf. 957 29 349	Kunst og handverksalen på Gimle
Dans- og turn:	
Prøvetimar 1.-7. klasse	Måndag kl 16.30-18:00
Lærar Gerd	Idrettshallen
Tlf. 905 91 836	

Ein kan ha to prøvetimar. NB: På enkelte tilbod er det begrensa med plassar, så om du bestemmer deg, er det lurt å søkje seg inn på fast plass så snart som råd. Det er ingen garanti at du får plass sjølv om du har deltatt på prøvetime.

Du kan søkje deg inn på fast plass på kulturskulen på heimesida til Fyresdal kommune, kulturskulen her: https://nofyresdal.speedadmin.dk/registration#

Er det elles noko du lurar på, tak bare kontakt med Marit (mailto:marit.delft@fyresdal.kommune.no) som er kontaktperson for kulturskulen i august.

Helsing alle oss i kulturskulen

Symjehallen opnar

Frå 1.september opnar symjehallen for offentleg bad.

Opningstider er:

Onsdagar	kl 17.00-21.00
Fredagar	kl 17.00-21.00
Laurdagar	kl 11.00-15.00

Velkomen til symjehallen!

Utleige av mobil scene

Fyresdal kommune har mobil scene til utleige.

Den er kjøpt inn for at vi skal ha glede av den i Fyresdal, men den blir også leigd ut ein del til andre kommunar, og her er det etter kvart blitt stor etterspurnad.

Vi vil oppmode alle i Fyresdal til å leige scenen, slik at vi ikkje ender opp med å administrere ei mobil scene som i hovudsak blir nytta andre stader.

Det kostar berre kr 3 000,- for bruk i Fyresdal (dette er veldig billig). Scenen blir frakta til staden og montert klar til bruk. Leigetakar må stille med ein person som hjelper til med opp- og nedrigg.

Det er Equitrans som driftar scena for Fyresdal kommune.

Scenemål:

- Breidde: 8 m
- Djupt: 6 m
- Høgde mellom golv og tak: 4 m
- 48 kvadratmeter
- Scenegolvhøgde: 1 m
- Total høgde: 5,5 m
- «Vindnet» inndekning bak og
- på sidene
- Vindduk i front av scenegolv
- Gelender
- Trapp
- "Gangstercaps" i front av tak
- 2 scenemoduler 30 cm
- 2 scenemoduler 60 cm
- Scenetakets bæreevne er 800 kg.
- Kraftig sveivesystem for å løfte opp taket.
- 50 mm trosserør i taket.

Er du interessert i leige, tak kontakt med Tarjei Skålid i Equitrans på mobil 99 58 29 70.

Kontingentkassa

Fyresdal kommune innførte denne ordninga i 2019. Etter ei evaluering blei det bestemt å vidareføre ordninga. Ordninga er eit tiltak mot barnefattigdom.

Søknadar handsamast etter kvart som dei kjem inn (ingen søknadsfrist), og midlane delast ut til kassa er tom. Ordninga administrerast av avdeling kultur, kontaktperson er Torleiv Hvistendahl .

For kven:
Barn og unge i alderen 6 år til dei er ferdige med vidaregåande skule, som kjem frå familiar med låg inntekt.

Kva gjevast det stønad til:
Kontingentar, aktivitetar og utstyr til enkeltpersonar slik at barn og unge i familiar med låg inntekt kan delta på organiserte fritidsaktivitetar.

Kor mykje:
Inntil kroner 3.000,- i tilskot pr. person pr. år som ein eingongsstønad. I særskilte tilfelle kan det gjevast ytterlegare stønad til t.d. deltaking i lag turneringar, cupar og leirar.

Kven kan søke (på vegne av barnet):
Det er berre laget/organisasjonen (idrettslaget, korpset, koret, lokallaget etc.) som kan sende søknaden til kommunen etter vurdering av behov for søknad. Ressurspersonar som arbeider i kommunen, eksempelvis helsesjukepleiar, miljøterapeut, barnevernstenesta m.m. kan også søke. Barnet eller familien kan ikkje sjølv søke.

Krav til søkar:
Den som søker har ansvar for å fylgje opp at barnet/ungdomen deltar i aktiviteten det er søkt stønad til. Det betyr at den som søker skal hjelpe barnet til å hugse på/kome seg til aktiviteten i starten, ikkje at den vaksne må fylgje barnet på alle aktivitetane. Oppfylginga kan og vere å sjekke at kontingenten er betalt eller liknande.

Det er den som søker som må vurdere om familien er i ein slik situasjon at eit bidrag frå kontingentkassa vil vere avgjerande for om barnet kan delta på ein aktivitet eller ikkje.

(Kontingentkassa er ikkje meint å vere eit handslag til lag og organisasjonar som har trøbbel med å inndrive kontingent). Det er barnet sitt eller familien sin situasjon som er avgjerande.

Krav til søknaden:
Vedlagte søknadsskjema må nyttast. Ver nøye med å fylle ut heile søknadsskjemaet, og hugs å leggje ved eventuelle fakturaer, kvitteringar eller liknande, dersom det er mogleg.

Spørsmål om ordninga:
Ta kontakt med Torleiv Hvistendahl på 90 78 03 57.

Fyresdal kommune
Avdeling kultur
Torleiv Hvistendahl

Søknadsskjema for kontingentkassa

Gjeld søknad om tilskot til kontingent og/eller utstyr til barn og unge frå 6 år og ut vidaregåande skule. Det gis inntil **kr 3.000,-** i tilskot per person per år. Den som søker **vurderer** om familien er i en slik situasjon at dei ikkje kan dekke dette sjølv. Søker fyller ut søknaden og signerer.

Kven søker (instans) ……. Tlf.:……

Kven fylgjer opp tiltaket: …… Tlf.: ……..

E-post:…….....

Barnets/ungdommens namn:…… Alder:…….

Adresse:……...

Namn føresette:……. Tlf.:…….

Adresse (føresette):…….

Kva søkast det til?.....

Kontingent/aktivitet: kr…….. Innkjøp av utstyr: kr……

Kvittering eller dokumentasjon skal helst leggjast ved.

Dersom fakturaen allereie er betalt av barnets føresette (og denne skal ha refusjon for betalt faktura), må bankutskrift/kvittering som dokumenterer dette leggast ved søknaden.

Namn på kontoinnehavar:……

Kontonummer:…….. Fødsels- og personnummer:……

NB. For å få utbetalt tilskotet til en privatperson, må vi ha fullt fødsels- og personnummer, 11 siffer.

Eg stadfestar å ha lest informasjonsbrevet som fylgjer søknadsskjemaet

Søkars underskrift……..Dato:……

NB: Føresette skal vere informert om søknaden.

Søknaden sendast til postmottak@fyresdal.kommune.no, eller Fyresdal kommune, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal.

Vi gjer merksam på at svarbrevet sendast direkte til organisasjonen via Altinn.

Spørsmål kan rettast til avdelingsleiar kultur, Torleiv Hvistendahl , på torleiv.hvistendahl@fyresdal.kommune.no eller 90 78 03 57.

Informasjon frå helse og omsorg

Psykisk helse og rus

Målet med tenesta er å bidra til å fremme sjølvstende og styrke evna til å meistre eige liv, samt å bidra til å bryte/motverke isolasjon og inaktivitet. Tilboda gjeld deg som har psykiske vanskar eller lidingar, og/eller rusrelaterte vanskar. Pårørande til personar med psykiske lidingar og/eller rusrelaterte vanskar kan og få tilbod om støttesamtaler.

Slik kjem du i kontakt med kommunens psykisk helse-teneste:

- Send søknad om pleie- og omsorgstenester via elektronisk søknadsskjema.
- Be lege eller spesialisthelsetenesta (t.d. sjukehus eller psykolog) om å formidle kontakt.
- Ta kontakt med Hanne på 90 22 42 68 eller hanne.lunde@fyresdal.kommune.no.

Etter oppmodinga blir det gjort ei vurdering, vanlegvis ei samtale med kartlegging, deretter vert ein einige om eventuelle tiltak. NB. Ved akutt behov for hjelp på kveld, helg og høgtid, kontakt legevakta på 116 117.

Tenesta omfattar mellom anna:

- Støttesamtaler, rettleiing og oppfølging i forhold til eigen livssituasjon.
- Heimebesøk/miljøarbeid.
- Samarbeid med andre aktuelle instansar som t.d. fastlege, Nav, Kvito og spesialisthelsetenesta.
- Rettleiing og tilrettelegging rundt busituasjon.
- Støtte og hjelp i forhold til arbeid og daglege aktivitetar.
- Aktivitet i grupper kan bli aktuelt ut i frå behovet i brukargruppa.

Desse tilboda er vedtaksbasera. Dette tyder at du må søke om teneste. Tilbod blir så langt som råd tilrettelagt etter brukarane sine ynskje om aktivitetar innanfor dei rammene vi har. Tenesta er gratis.

Måndagskafé på frivilligsentralen

Kaféen er open kvar måndag kl. 10.00-14.00. Her møtast vi for ein hyggeleg prat.
Vi fokuserer på trivsel, livskvalitet, samvær og meistring. Kafeen er eit lågterskeltilbod (ope for alle – ikkje behov for vedtak). Velkomen!

Konsert med Johan og Gunilla

Fredag 23. oktober kl. 11.00 blir det konsert med Johan og Gunilla!
